

Ulike retningar i jødedommen på Jesu tid

Arne Berge 12.11.2024

Innleiing

- Jødedommen på Jesu tid var mangfaldig. Viktig for forståinga av NT. Eit svært samansett bilde.
- Det som bind saman, er Skrifta, spesielt Mosebøkene (toraen), og trua på dei eine Gud, Herren
- Farisearane, saddukearane, essearane (+ selotane og herodianarane, og evt fleire)
- Majoriteten av jødane høyrde truleg ikkje til nokon av dei ulike retningane
- Samaritanane kunne vore med, men var på Jesu tid meir skilt frå det jødiske trusfellesskapet
- I dag er det vanleg å sjå på den første Jesusbevegelsen som ei jødisk gruppering/retning
- Tar også med dei skriftlærde. Det var skriftlærde innan dei ulike retningane
- NT legg mest vekt på farisearane og dei skriftlærde, mindre på saddukearane
- Josefus kallar desse for jødiske parti/filosofiar/skular. Omsetjinga «sekt» blir av og til brukt
- Bakgrunnen for fleire av grupperingane ligg i uro og opposisjon mot hasmonearane på 100-talet f.Kr. Ulik reaksjon: farisearane (folkeleg gruppe) og essearane (isolasjon). Saddukearane utvikla seg som gruppe ut frå dei leiande prestelege familiane, som støtta hasmonearane

Farisearane

- I vår tid blir ordet dessverre brukt i tydinga hyklar, sjølvrettferdig eller skinheilag person.
- På Jesu tid: Ein folkeleg bevegelse (men ikkje majoriteten av folket)
- Ville følge både den skriftlege og den munnlege lova (overleveringa frå dei gamle)
- Spesielt opptatt av reglane for sabbaten, reinleik, tiende
- Trudde på oppstode og eit liv etter døden

Jesus og disiplane sitt forhold til farisearane

- Mange negative omtalar, andre tekstar viser eit anna bilde. Dei var både ueinige og einige
- «Stridssamtalane» med Jesus (f eks Mark 2,23ff) om lovtolking kan forståast som lovdiskusjonar innanfor det jødiske trusfellesskapet (jfr seinare jødisk debatt- og usemjekultur)
- Hard kritikk frå Jesus (Matt 23). Ikkje ein kritikk av farisearane sin teologi om Gud, men av deira fromheit og oppførsel, v 2-3a er positiv til læra deira, frå v 3b er det sterk kritikk av livsførselen
- Fellesskap mellom Jesus og farisearane: måltidsfellesskap (Luk 7,36), farisearar advarte Jesus (Luk 13,31), ein skriftlærd (truleg farisear) støttar Jesus (Mark 12,28), kontakten med farisearen og rådsmedlem Nikodemus (Joh 3,1 ff; 7,50;19,39)
- Einige om det første bodet (Mark 12,28ff), den gyldne regel (Matt 7,12) og oppstode/evig liv
- Farisearane var ikkje med i prosessen mot Jesus (bortsett frå Matt 27,62)
- Truleg Jesu fremste samtalepartnarar og derfor oftast nemnt, dei som stod Jesus nærast

Farisearane sitt forhold til Jesusbevegelsen etter Jesu død og oppstode

- Nokre var aktive forfølgjarar, om Saulus: Apg 8,1a.3; 9,1f
- Nokre forsvarte disiplane Apg 5,33ff (Gamaliel overfor øvstepresten), 23,9 mot saddukearane
- Nokre slutta seg til Jesusbevegelsen, Apg 15,5
- Paulus identifiserte seg heile livet som farisear: Apg 23,6; 26,5 og Fil 3,5

Farisearane var etter år 70 forløparar for den rabbinske jødedommen, som utvikla seg vidare til den klassisk ortodokse jødedommen («moderne jødedom»).

Saddukearane

- Eit konservativt parti med størst oppslutning frå presteskapet knytt til tempelet (Apg 5,17)
- Trudde ikkje på oppstoda frå dei døde og evig liv. Heller ikkje på «englar og ånder»
- Saddukearane var truleg pådrivarar i prosessen mot Jesus, gjennom Det høge rådet

- Relativt lite omtalt i NT, men nokre av tekstane om skriftlærde motstandarar av Jesus, kan handla om saddukearar, spesielt når dei er knytt til Jerusalem. Skal sjå på to tekstar:
- Stridssamtale på tempelplassen. Her støttar Jesus farisearane si tru på oppstoda, med skriftbevis (Mark 12,18ff). Paulus sitt forsvar for Rådet, fortel om saddukearane (Apg 23,6-10)

Essearane

- Ikkje nemnt i NT, men kjent pga utførleg omtale hos Josefus
- I fullstendig opposisjon til tempeltenesta i Jerusalem, og isolerte seg frå «dei vantruande»
- Budde saman/nær kvarandre i små samfunn. «Samfunnet». Essearkvarter i Jerusalem?
- Opptatt av kompromisslaus praktisering av lova, spesielt fokus på reinleik/reinsing/vatn
- Leiaren deira blei kalla «den rettferdige læraren», i motsetnad til øvstepresten i Jerusalem
- Kalla seg «lysets barn». Var sikre på at dei levde i dei siste tider
- Dødehavsrullane blei funnet i hòlene ved Qumran i åra 1947-1956. Skriftrullane blei gøymde bort under krigen med romarane.
- Inneheld materiale frå 900 manuskript; bibelske skrift (GT), andre alment kjende jødiske skrift og eigne skrift for Samfunnet.
- Funna førte til fornya interesse for essearane. Utgraving i Qumran, der det er funne restar etter eit fellesskap på 50-150 menn
- Dødehavsrullane har hatt stor tyding for bibelvitskapen
- Har Døyparen Johannes, Jesus eller Paulus hatt kontakt med essearane?
- Vanskeleg å vita, men eventuell kontakt har sett få eller ingen spor i NT
- Ein tekst har vekt diskusjon: Mark 14,13. Det er neppe historiske haldepunkt for å seia at dette var ein essear
- Det kan ikkje påvisast kontakt. Likevel mange tilknytingspunkt, pga felles jødisk tru og samanfall i tankegang og teologi. Også mellom Paulus og essearane: 2 Kor 6,14-7,1

Dei skriftlærde

- Dei skriftlærde var lovlærarar/lovkuninge som hadde ansvar for å leggja ut lova
- Det var «skriftlærde» blant farisearane og saddukearane, og truleg også blant essearane
- Dei skriftlærde er ofte nemnt saman med farisearane, men ikkje alle farisearar var skriftlærde
- Mange av dei blei sikkert provoserte av Jesu myndige tale (Mark 1,21f)
- Ofte omtalte som Jesu motstandarar. Hovudrolle i prosessen mot Jesus (Mark 14,1; 14,53)
- Det er likevel nokre positive omtalar av skriftlærde i NT: støtte i bibeltolking (Mark 12,28ff), vil følgja Jesus (Matt 8,19), «læresvein av himmelriket» (Matt 13,52)

Jesusbevegelsen som ei jødisk gruppering

- «Jesusbevegelsen»: Dei første jesustruande. Fokus på at Jesus var den Messias som var lova i Skrifta. Etter Kristi himmelfart var gruppa rundt apostlane (og Jesu familie) i Jerusalem sentral.
- Jesus var jøde, Jesu disiplar og dei første som trudde på Jesus, var jødiske
- Det måtte eit syn frå Gud til for at Peter ville oppsøkja den ikkje-jødiske Kornelius (Apg 10)
- Paulus brukar ikkje uttrykket «kristen» eller «kristendom», men er tydeleg på at han er jøde
- Kontroversen som Paulus stod i vedrørande jødar og ikkje-jødar, gjaldt ikkje om jødar kunne tru på Jesus, men om ikkje-jødar kunne tru på Jesus, - og vera med i fellesskapet (Apg 15, Gal 2)
- I dagens bibelforsking blir NT omtalt som eit jødisk skrift, f eks NRK Verdibørsen 13.10.2024
- Jesusbevegelsen var lenge ei jødisk gruppering, som utvida seg og inkluderte ikkje-jødar
- Etter kvart blei det nokre stadar eit vanskeleg forhold mellom jesustruande jødar og ikkje-jødar
- Verken Jesus eller Paulus starta ein ny religion. Skiljet mellom «kristendom» og «jødedom» kom seinare etter ein lang prosess